

Årsmelding, Kyrkjevika Hyttelag 2022.

Styret

Styret for 2022 konstituerte seg slik:

Lars Torpe	leiar	vald for 1 år (på val i 2023)
Vidar Torsvik	kassastyrar	eit år igjen (på val i 2023)
Harald Madsen	skrivar	eit år igjen (på val i 2023)
Anne Flem	styrelem	vald for 2 år
Tor Henrik Hansen	styrelem	eit år igjen (på val i 2023)
Liv Soldal Klyve	styrelem	vald for 2 år

Revisorar Frode Melstveit og Tormod Lunestad

Valnemd: Aage Melstveit og Bjarte Hellevang (som selde hytta seinhaustes 2022)

Arbeid gjennom året

Styret har hatt 4 møter gjennom året. Alle møter er helde elektronisk

Det er ikkje helde møte med Rykkje Grunneigarlag (RG), men det har vore mykje kontakt på e-post og telefon. Det meste i samband med NVE sin vilkårsrevisjon av kraftkonsesjonen for Bergsdalsvassdraget – som er saka det har vore arbeidd mest med gjennom året.

Samarbeidet om dugnadslag og vedlikehald av parkeringsplassen/båtopptrekket har fungert godt.

For å kunna halda betre orden på laget sine medlemslister og dokument, har styret kjøpt det nett-baserte systemet styreweb.com. Her vil ein finna både rekneskap, dokument, biletarkiv og heimeside så snart det gamle er lagt over.

Helikoptertransport

Helikoptertransport vart gjennomført 18 juni, Alf Sandven organiserte.

NVE vilkårsrevisjon Bergsdals og Torfinnvassdraget

Dette har vore hovudfokuset i styret i 2022. Her har hyttelaget, RG og andre grunneigar- og hyttelag kring heile Hamlagrøvatnet samarbeidd godt i for å få fram sine syn på saka.

Laget har sendt innspel til Kvam og Voss Herad, til fylket og til NVE og Eviny.

30 september var Lars Torpe og Harald Madsen saman med to frå RG med på synfaringa ved Hamlagrøvatnet.

På Hodnaberg vart div. innspel presenterte. M.a. fekk Lars anledning til å presentera laget sine problemstillingar og innspel i saka. Vidare stoppa bussen med synfaringsdeltakarane opp ved Søreplassen slik at både NVE og Eviny fekk sjå at det er båt- og skutertransport som gjeld for oss hytteeigarar på sørsida.

Diverre var det ikkje aktuelt å ha visning langs sørsida av vatnet denne gongen.

Lars ytra ynskje om ei synfaring saman med Eviny på sørsida, noko Eviny stilte seg positive til.

Styret jobbar no med invitasjon/dato for synfaring, vi ynskjer å få dette til så tidlig råd er etter etter at isen er gått. Der bør nok også RG vera med.

Parkering

Styret har diskutert litt om me bør skjerpe inn bruken av p-plassen. Spesielt i påskeferie kan det vere fullt. Tidlegare praksis har vore å ha Parkeringsbevis som er utlevert lett synleg liggjande i bilen. Dette har nok glidd ut over tid med nye hyttteeigarar osv. Styret har kkje landa på noko løysing her.

Medlemslister/medlemskontingent

Me minner om at vedtektene pålegg dei som overdreg/sel hytter om å informera laget om ny eigar. Alle er velkomne som medlemmer i laget.

Øystese hjelpekorps Lagercontainer/bygg ved Søreplassen

Hjelpekorpsset har ytra ynskje om å få settje opp lagercontainer evnt/bygg på eller i nærleiken av Parkeringa på Søreplassen. Dette for t.d. lagring av ved/div. utstyr/scooter osv. Dette er styret positive til om det ikkje er til hinder for parkeringskapasiteten. Det er RG som står som eigar av plassen så me er berre bedne om innspel.

Laget tykkjer og Hjelpekorpsset bør vurderer å setje opp ny lagshytte ved parkeringsplassen. Det kan vera til stor nytte for oss, men vil truleg og kunne gi raudekrossen heilt nye moglegheiter.

Harald Madsen, skrivar